

VEDTEKTER FOR ODDA KULTURSKULE

- 1) Odda Kulturskule er organisert som eige tenestestad i Odda Kommune.
- 2) Odda Kulturskule har som mål:
 - a) å leggja grunnlaget for eit rikt og allsidig kulturliv i kommunen, og då med hovudvekt på
 - musikk
 - kunst & handverk
 - teater/drama
 - dans
 - b) å gi eit variert tilbod med aldersprioritering 0 – 19 år, og i tillegg ha ein dekningsgrad for **40 % av grunnskule-elevane i Odda Kommune.**
 - c) å gi den einskilde eleven best mogleg høve til å utvikle sine evne og anlegg
 - d) å vere eit kompetansesenter som gir undervisning også på høgt nivå.
 - e) å ta vare på og bera vidare lokale kulturtradisjonar.
 - f) å utvikle samarbeidsprosjekt med det frivillige kulturlivet
 - g) å utvikle samarbeidsprosjekt med andre kommunale institusjonar (t.d. Meieriet Kulturhus) samt grunnskulen. Prosjekta skal ivareta dei overordna målsettingane og kulturskulen sin integritet.
- 3) For å nå desse målsettingane, skal:
 - a) kulturskulen ha kompetanse på høgt nivå
 - b) kulturskulen vektlegge tilpassa undervisningsformer, individuell-, gruppe- og prosjektundervisning samt sal av tenester.
 - c) kulturskulen også yte samspel- og kammermusikktilbod til elevane.
 - d) kulturskulen organisatorisk byggast opp etter vedlagte plan. Planen skal vere ein indikator på kva aktivitet kulturskulen skal ha og bør rullerast etter behov.

Punkt 4: endra i Odda kommunestyre 28. mai 2017:

- 4) a) Undervisninga i kulturskulen følger grunnskulen si skulerute, basert på 38 skuleveker.
 - b) Generell undervisningstid er pr. i dag:
 - individuell undervisning 20 minutt.
 - gruppeundervisning differansiert frå 40 – 60 minutt
 - c) Ved godkjenning for kjøp av ekstra tid til fordypning blir neste time rabattert med 50%.
 - d) Søskenmoderasjon: 25% moderasjon på søsken nr. 1. 50% moderasjon på søsken nr. 2 eller fleire.
 - e) Enkelte tilbod vil likevel kunne bli ytt meir tid.
 - f) Kulturskulen gir ikkje differensiert undervisningstid pr. elev etter nivå og alder.
- 5) Kulturskulen skal ha eigne lokale som er høvelege for dei ulike aktivitetane. Gjeldande reglement for bruk av lokale vil alltid ligge til grunn. Ved desentralisert undervisning vil kulturskulen kunne nytte andre lokale etter avtale.
- 6) Leiinga ved kulturskulen skal forma ut reglement for undervisning i kulturskulen, - dette gjeld også forpliktande elevreglement.
- 7) Kulturskulen i Odda skal ha eige administrasjon- og personallokale og også ha eigne undervisningslokale.
- 8) Kulturskulen har eige samarbeidsutval på 6 personar som er samansett slik:
 - 2 representantar frå dei tilsette ved kulturskulen
 - 3 representantar frå foreldre/føresette
 - 1 representant som er politisk vald.Tenestestadsleiar ved kulturskulen (kulturskulerektor) er sekretær for samarbeidsutvalet. Kommunesjef for kulturskulen har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet.

Det kan politisk bli vedtatt nærare retningslinjer for utvalet sine målsettingar og arbeidsoppgåver innanfor ramma av desse vedtektene.

9) Endringar i vedtektene kan berre gjerast av kommunestyret.